

Firda Folkeblad, Florø
 Venstre
 Firdaposten, Florø
 Arb.p.
 Firda Tidend, Sandane
 Senterp.
 Fjordabladet,
 Nordfjordeid, Venstre
 Fjordingen, Stryn
 Høire
 Fjordenes Tidende,
 Måloy, Høire

28.4.60

Moralsk Opprustning.

Den norske pressa reagerte sunt og nøkternt på det manifestet som MRA sende ut til alle norske huslydar straks før jul. Eg har liggande ein haug utklipp framfor meg, og dei aller fleste inneheld berre fordøming av den smaklaus propagandaen, ein propaganda som går langt vidare i si forenkling enn det ein kunne vente av dei som så sterkt ropar på «absolutt ærlegdom». Korleis ein slik brosjyre kan finne forsvararar, er meg ei gåte, for eg har då funne fornuftige folk innan MRA heilt til det siste. Men kvar er dei?

Eg minnest med takk den gamle Oxförd-rørsle, — eg var med der ikkje så lite frå 1938. Mange menneske vart «forvandla» gjennom den friske måten det gamle evangeliet vart forkynt på, og mang ein kristen fekk ei turvande fornying. Sjølv var eg ein av desse siste, men reagerte samstundes sterkt mot aukande persondyrking. Det var så gjævt å sitere «fine» namn (jamfør all MRA-litteratur), og Frank Buchman var alt då den forguda føraren, halvt filmhelt og halvt profet.

Seinare fekk rørsle namnet Moralsk Opprustning, MRA, og har med åra mist mykje av sin kristne karakter ute i verda, blitt berre ei moralrørsle som no har felttoget mot kommunismen som viktigaste post på programmet.

Vi er mange som har sett med sorg på denne utviklinga, men dei fleste har berre drege seg attende utan å gjere noko for å hindre utglidinga.

Erling Førland tek i F.F. fram størskytset for å syne Sovjets mange brot og synder. Det er så sant alt saman, og det er mogeleg vi har godt av å bli mint om det igjen. Men spørsmålet er korleis vi skal møte alt dette på beste måte. Er det så brennsikkert at kulde og isolasjon er den beste taktikk mot eit ulukkeleg folk? Bjørnar Utheim har i ein ypperleg artikkel i F.F. peikt på at det nett i vår tid gjeld å finne andre vegar enn den harde og uforson-

lege. Ein treng ikkje difor stikke sanninga under stol.

Men for MRA er det greitt: Verda har i framtida berre to vegar å velje, kommunisme eller MRA. Eg får hug til å sitere slutten av leiaren i Aftenposten for 17/12 1959: «Vi har ofte hatt anledning til å beundre den helhjertede innsats som Moralsk Opprustnings folk gjør. Men de bør la utenrikspolitikken ligge. Her kreves det noe mer enn velmente fraser.»

Kva MRA meiner med at kommunismen er den store fåren for Vesterlanda, vil vere uforståeleg for dei fleste. Talet på kommunistar i desse landa har då gått jamt nedover etter krigen så langt eg veit. Dei har såleis ein representant i det norske Storting. Likevel sa ein MRA-mann til meg at Noreg kunne falle som ei moden frukt for kommunismen før ein visste ordet av det. Og ein engelskmann sa om lag det same om England: Kommunistane kunne ved eit kup ta makta kva dag som helst. Eg vart kalla blåøygd som drog dette i tvil. Om Amerika siterer Førland manifestet: «For Amerika står valget mellom Moralsk Opprustning og kommunismen.»

«Det kjem ut på eitt om du tenk' eller ei . . .»

Til slutt litt om MRA og kristendom. Eg var sist sommar i det europeiske sentret for MRA, Caux i Sveits. Eg kjende mange som der hadde funne rike åndelege verdiar, og tenkte det kunne vere noko for meg òg. Diverre vart eg vonbroten. Tidleg og seint var det felttoget mot kommunismen. Men der fanst òg innslag av meir personleg art. Den eine etter den andre kunne stå opp og vitne om korleis livet hadde blitt annleis då dei bestemte seg for å leve etter forpliktande morallover. Korleis det gjekk om dei ikkje greidde å oppfylle dei absolutte bod og krav, hørde eg ingen ting om. Jesu Kristi evangelium høvde nok ikkje i den brokute og fargeglade møtelyden, mellom så mange buddhistar og muhamedanarar. Forpliktande moralbod kunne også desse snakke om med iver og glød. Alle snakka om det, men var det Allhas, Buddhas eller Jesu vilje dei tenkte på? Mange frå India og Afrika takka så hjarteleg fordi dei vart aksepterte som dei var, utan å måtte skifte religion.

Dette blir sjeldan nemnt av norske MRA-folk, endå dei må vite at for kristendomen er muhamedanismen og buddhismen fullt så fårlege som kommunismen. Gene-

28-01-061

ralsekretæren i Det norske misjonsselskap, dr. Fr. Birkeli, sa i eit foredrag i haust at muhamedanane hadde sett inn all si kraft for å vinne Afrika, og menneskeleg sett har dei store sjansar til å nå målet. Men dørene står opne også for kristen misjon, berre vi ikkje kjem for seint. (Kommunismen var ikkje nemnd).

Kva tid får vi så eit MRA-manifest mot blandingsreligionar innan MRA? Det er utenkt. I vårt land er nok dei fleste MRA-folk gode kristne og trufaste misjonsvenner, men når det gjeld MRA som verdsrørsle, er det diverre så altfor sant det «Dagen» skriv: «Som kristen bevegelse må MRA nå naturlegvis avskrives.» Mätte vi få klare liner her! Men også som rein ideologi med krav «over evne», utan Jesu Kristi frigjerande nåde, kan rørsle bli eit fårleg surrogat for ekte kristendom.

Absbjørn Håland.